

Tilsynsrapport

sak 2014-04

Avviks- og fråviksbehandling
i reguleringsplanfasen

Saksnummer	2014-04
Publiseringsdato	19. desember 2014
Tilsynslag	Bente Irene Berland Molland, tilsynsleiar Sverre Slettemark, fagrevisor veg Liv Rørlien, fagrevisor juridisk
Tilsynspart	Statens vegvesen, Region midt



Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen, Region midt. Tilsynssaka omhandlar avviks- og fråviksbehandling i reguleringsplanfasen.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn. Med bakgrunn i tilsynsfunna har Vegtilsynet gjeve ei tilråding.

Tilsynspart skal innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådinga vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.



Sign.:

Bente Irene Berland Molland
tilsynsleiar



Sign.:

Trude Tronerud Andersen
direktør

Samandrag

Tilsynssaka tek føre seg korleis Statens vegvesen, Region midt, sikrar kvalitet i reguleringsplanar og gjennom dette arbeidet hindrar at planane vert vedtekte med avvik som ikkje er handtert gjennom anten å rette dei opp, eller ved søknad om fråvik.

Slik systemet for utarbeiding av planforslag er gjeve i Statens vegvesen sin prosess, skal ulike barriererar hindre at avvik oppstår både i reguleringsfasen og seinare i byggefasen. Barrierane skal fastsetjast i styrande dokument. Slike barriererar vil til dømes vere planmøter, kontrollar og trafikksikkerheitsrevisjon av planar før dei vert vedtatt.

Tilsynet rettar seg mot Region midt, og omfattar reguleringsplanar på riksveg vedteke i perioden frå 01.01.2011 til 01.06.2014. Tilsynssaka vart gjennomført som ein revisjon og omfatta dokumentgjennomgang og intervju.

Tilsynet har vist at tilsynspart i stor grad utarbeidar styrande dokument. Det går likevel ikkje alltid fram av kvalitetsplanane kva revisjonar og analyser som skal utførast.

Når det gjaldt trafikksikkerheitsrevisjonar så var dette berre gjennomført på tre av ni reguleringsplanar i tråd med krava.

Tilsynet har vist at ikkje alle avvik frå krav i normalar vert behandla. Dette gjeld to avvik fordelt på to ulike prosjekt.

Konsekvensane av at krav i normalane ikkje vert følgt, kan vere at trafikkarlege tilhøve vert bygd inn i vegnettet.

Vegtilsynet konkluderer med at Region midt ikkje sikrar at alle avvik vert avdekka, men at prosessen for fråviksøknad vert følgd.

Basert på tilsynsfunna kjem Vegtilsynet med ei tilråding. Tilsynspart skal innan ein frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av tiltak.

Innhald

1. Bakgrunn	5
2. Mål og problemstillingar	6
3. Gjennomføring og metodisk tilnærming	7
4. Tilsynskriterium	9
5. Problemstilling 1: I kva grad vert styrande dokument nytta for å sikre kvalitet i planforslag	10
6. Problemstilling 2: I kva grad vert det gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar for å sikre kvalitet i planforslag	19
7. Problemstilling 3: I kva grad vert eventuelle avvik frå krav i normalar behandla	25
8. Tilrådingar	30
Vedlegg 1: oversikt over mottatte dokument	31

1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal normalane følgjast for å sikre rett kvalitet.

Barrierar i dei ulike prosjektfasane, skal hindre at avvik frå krav i normalar vert regulert inn i planar og seinare bygd inn i vegen. Sentrale barrierar synleggjerast i dei styrande dokumenta, og kan vere planmøte, kontrollar og revisjonar av planar.

Vegdirektoratet skriv i eit notat¹ til regionane: «Det er mer viktig enn noen gang at Statens vegvesen [...] har orden på planlagte fravik fra gjeldende standardkrav, og at disse er dokumentert, konsekvensvurdert og behandlet på en riktig måte.»

Spørsmålet for Vegtilsynet er om systemet for kvalitetsstyring fungerer, og om krava vert følgt. Konsekvensane av manglande etterleving kan vere at avvik med konsekvensar for trafikksikkerheit ligg ubehandla i vedtekne reguleringsplanar.

¹ Notat datert 24.06.2013, Søknad om fravik fra vegnormalene – eller ikke?

2. Mål og problemstillingar

Målet er å undersøke om Statens vegvesen, Region midt i reguleringsplanfasen sikrar kvalitet i planforslaget, og dermed unngår at det vert vedtatt reguleringsplanar som inneheld avvik som ikkje er behandla gjennom å rette dei opp eller ved å søke om fråvik.

For å undersøke dette har Vegtilsynet sett nærare på følgjande problemstillingar:

Problemstilling 1

I kva grad vert styrande dokument nytta for å sikre kvalitet i planforslag?

Problemstilling 2

I kva grad vert det gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar for å sikre kvalitet i planforslag?

Problemstilling 3

I kva grad vert eventuelle avvik frå krav i normalar behandla?

Problemstillingane vert gjort nærare greie for i kapittel fem til sju.

3. Gjennomføring og metodisk tilnærming

Dette tilsynet vart gjennomført som ein revisjon.²

Tilsynspart i denne saka er Statens vegvesen, Region midt. Vegtilsynet har ved gjennomføring av tilsynsprogrammet for 2014 valgt å fordele tilsynssakene mellom dei ulike regionane i Statens vegvesen og Vegdirektoratet. Dette tilsynet omhandla alle reguleringsplanar i Region midt som var utarbeidd og vedtatt i ein bestemt tidsperiode.

Vegtilsynet sende varsel om tilsyn 3. juni 2014. Med bakgrunn i tilbakemelding frå tilsynspart, vart omfanget av vedtekne reguleringsplanar på riksveg i Region midt, i perioden 01.01.2011 til 01.06.2014, kartlagt. Tilsynspart vart bedt om å sende inn dokumentasjon som viste vedtatt reguleringsplan med planbeskrivelse og planteikningar, eventuelle fråvikssøknader, og eventuelle rapportar frå trafikksikkerheitsrevisjonar. I tillegg vart tilsynspart bedt om å sende inn styrande dokument for prosjekta. Oversikt over mottatt dokumentasjon er sett opp i vedlegg 1.

Med bakgrunn i dokumentgjennomgangen vart det gjennomført intervju med leiar i fråviksgruppa og med prosjektleiarar for fire av dei sju tilsendte prosjekta.

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem og annan dokumentasjon, og har nytta dette under førebuinga og gjennomføringa av tilsynet. I tillegg har tilsynspart lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

For å få svar på problemstillingane i denne tilsynssaka, gjennomførte Vegtilsynet dokumentgjennomgang og intervju. Dokumentgjennomgangen av dei styrande dokumenta vart gjennomført for å få informasjon om desse dokumenta var utarbeidd og om det i desse dokumenta var beskrive trafikksikkerheitsrevisjon for å avdekke avvik i planforslaget. Vidare vart det gjennomført ein dokumentgjennomgang av tilsendte trafikksikkerheitsrevisjonar for å undersøke om desse var gjennomført slik som beskrive i styrande dokument, og om det var gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på dei vegprosjekta som er omfatta av vegsikkerheitsforskrifta. I denne saka er det ikkje vurdert om metodisk tilnærming i den framlagde revisjonsrapporten er i samsvar med krav i vegsikkerheitsforskrifta med

² Ein revisjon er ein systematisk, uavhengig og dokumentert prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme dei objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt.

retningslinjer eller med metode beskrive i handbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner*. Der tilsynspart ikkje hadde gjennomført trafikksikkerhetsrevisjon, gjekk trafikksikkerhetsrevisor hjå Vegtilsynet gjennom og gjorde ei vurdering av vedtekne reguleringsplanar, for å undersøke om desse inneheldt avvik som ikkje var behandla. Det vart gjennomført intervju med prosjektleiarar for fire av sju prosjekt for å få utdjupande informasjon om dei tilsendte dokumenta og for å få kartlagd korleis dei ivaretar si rolle i samband med utarbeiding av planforslag. For det eine prosjektet deltok prosjektleiarane for både planleggings- og prosjekteringsfasen. I tillegg vart det gjennomført intervju med leiar av fråviksgruppa for å få informasjon om fråviksgruppa si rolle i arbeidet med utarbeiding av planforslag, og deira rolle i arbeidet med søknad om fråvik.

Innhenta informasjon frå dokumentgjennomgang og intervju er vurdert opp mot tilsynskriteria, og dannar grunnlag for tilsynsfunna.

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 2. desember 2014, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav innan fristen slik tilbakemelding.

4. Tilsynskriterium

Tilsynssaka baserar seg på og er utleda frå følgjande prosessar og kravdokument:

- Prosessen *Planlegge vegprosjekter etter PBL* (prosessen)
- *Forskrift 28. oktober 2011 nr 1053 om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen* (Vegsikkerhetsforskrifta)
- *Retningslinjer gitt i henhold til forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen [...]* (Retningslinjene)
- *Forskrift 29. mars 2007 nr 363 om anlegg av offentlig veg*
- Normalar³
- *Håndbok 151 Styring av utbyggings-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter, oktober 2008* (Handbok 151)
- *Håndbok R760 Styring av vegprosjekt, november 2012* (Handbok R760)
- *NA-Rundskriv nr 2012/02 Om forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerhetsforskriften) med retningslinjer* (Rundskrivet)
- *Håndbok V720 Trafikksikkerhetsrevisjoner og –inspeksjoner* (Handbok V720)
- *Instruks – handsaming av fråvik i regionane, datert 13. juni 2013*⁴ (Instruksen)

³ Omgrepet «normal» omfattar i denne saka både omgrepet «vegnormal» med heimel i *Forskrift om anlegg av offentleg veg § 3* og omgrepet «normal» med heimel i *Forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikklyssignaler og anvisninger* (skiltforskriften) § 35.

⁴ Denne instruksen erstatta tidlegare instruksar datert 1. mars 2011 og 12. juli 2012.

5. Problemstilling 1:

I kva grad vert styrande dokument nytta for å sikre kvalitet i planforslag?

Under denne problemstillinga har Vegtilsynet undersøkt om Statens vegvesen, Region midt utarbeider styrande dokument i samsvar med krav. Det er også undersøkt om desse dokumenta beskriv trafikksikkerheitsrevisjon for å unngå avvik i planforslaget. Under intervju har Vegtilsynet undersøkt årsaken til at styrande dokument manglar.

5.1 Tilsynskriterium

Statens vegvesen har eit prosessorientert kvalitetssystem som beskriv korleis ulike arbeidsprosessar skal utførast og som inneheld tilhøyrande krav- og hjelpedokument. Prosessen *Planlegge vegprosjekter etter PBL*⁵ har delprosessar for mellom anna *Utarbeide reguleringsplan* og *Utarbeide prosjektbestilling* som igjen har tilhøyrande aktivitetar. Av prosessane framgår krav til utarbeiding av styrande dokument for planprosjekt, samt aktivitetar som skal gjennomførast i samband med utarbeiding av planforslag, fram mot endeleg vedtatt plan. Tilsynet omfattar planforslag som er utarbeida i perioden 18.02.11 til 10.04.14 og det er tatt utgangspunkt i dei prosessane og kravdokumenta⁶ som gjaldt for den perioden.

⁵ Prosessen *Planlegge vegprosjekter etter PBL* vart endra strukturmessig frå og med 7. oktober 2014. Tilsvarande prosessar er no å finna under *Veg, Planlegge, Trinn 3 - Gjennomføring*

⁶ I denne saka er dei styrande dokumenta i åtte av ni vegprosjekt utarbeida då handbok 151 Styring av utbyggings-, drift- og vedlikeholdsprosjekter var gjeldande. Prosjektet *Bru over Forra E14* er vurdert etter krav i Handbok R760. I den grad ordlyd eller krav i handbok R760 er innhaldsmessig ulik handbok 151 vil dette verta påpeika i rapporten.

Delprosessen *Utarbeide reguleringsplan* viste til Handbok HB151⁷ som internt krav. *Handbok 151 Styring av utbyggings-, drift- og vedlikeholdsprosjekter* var utgitt på Nivå 1⁸ i handbokserien og er ei retningslinje. Av forordet går det fram at handboka er «et styrende dokument og skal være en sjekklister for ansatte i Statens vegvesen for å sikre riktig prosjekt- og utførelseskvalitet» og at det vert stilt krav til prosedyrar for gjennomføring av prosjekt for at produktet skal få fastsatt kvalitet.

Handbok 151 definerer ikkje omgrepet «kvalitet». Handbok R760 definerer kvalitet på følgande måte i kapittelet *Begreper*:

Kvalitet er eigenskapar som er i overensstemmelse med spesifiserte krav. Dersom planforslaget ikkje er utarbeida i samsvar med vegnormal vil det føreligga avvik.

Handbok 151 definerer heller ikkje omgrepet «avvik». Handbok R760 definerer i kapittelet *Begreper* omgrepet på følgande måte:

Avvik (generelt)

Spesifiserte krav eller målsetting som ikke er oppfylt. Avvik skal registreres og behandles.

Då det ikkje er noko som skulle tilseie at desse omgrepa har hatt eit anna innhaldsmessig betydning i handbok 151 legg me definisjonane til grunn i denne saka.

Dei generelle krav til prosjektstyring i Statens vegvesen for vegprosjekter går fram av handbok 151 kapittel 2. Kapittel 3 omhandlar dei spesielle krava som gjeld reguleringsplanfasen, og tek for seg krav til prosjektstyring og krav til dei styrande dokument.

⁷ *Handbok R760 Styring av vegprosjekter* erstatta *Handbok 151* i november 2012.

⁸ Statens vegvesen gjev ut handbøker på to nivå. Nivå 1 omfattar normalar og retningslinjer, desse vert omtalt som kravdokument. Nivå 2 omfattar rettleiarar, desse vert omtalt som hjelpedokument. For meir informasjon: <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Det går fram av handbok 151 *kapittel 3.4 Styrende dokumenter for reguleringsplanlegging* fram at det skal utarbeidast prosjektbestilling, prosjektstyringsplan og kvalitetsplan i eit vegprosjekt i reguleringsplanfasen, sjå

Kapittel 3.4.1 Prosjektbestilling (PB)

Kapittel 3.4.2 Prosjektstyringsplan (PSP)

Kapittel 3.4.3 Kvalitetsplan (KP)

Det følger av dei same kapitla at dokumenta skal utarbeidast i samsvar med mal.

Krav til innhald i dei styrande dokumenta er regulert her:

Kapittel 1.2 Prosjektbestilling (PB)

Kapittel 1.3 Prosjektstyringsplan (PSP) Sentralt styringsdokument

Kapittel 1.4.1 Kvalitetsplanens innhold

Kapittel 3.4.3 Kvalitetsplan (KP)

Prosjektbestillinga er prosjekteigar sitt verktøy for å sette krava til prosjektet og definere ansvar. Prosjektbestillinga skal mellom anna fastlegge rammevilkår for arbeidet, inklusiv økonomi og tid.

Malane for prosjektbestilling er *Mal 1 Prosjektbestilling (PB) Store prosjekter* og *Mal 2 Prosjektbestilling (PB) Små prosjekter*, som begge er datert september 2009. Mal 1 skal nyttast for prosjekt over 25 millionar kroner.

Prosjektstyringsplanen er prosjekteiar sitt svar på prosjektbestillinga, og den skal gjere greie for korleis oppgåva er tenkt gjennomført for å nå dei måla som er sett til kvalitet, framdrift og økonomi.

Mal for prosjektstyringsplan og kvalitetsplan er *Mal 5.1 Prosjektstyringsdokument for Planprosjekter*⁹ datert 9. februar 2011, og var gjeldande for dei styrande dokumenta som er gjennomgått i denne saka, med unntak for eitt prosjekt. Mal 5.1 inneheld tre deler:

Del 1: Referanse til Prosjektbestillingen

Del 2: Prosjektstyringsplan (PSP)

Del 3: Kvalitetsplan (KP)

⁹ *Mal 5.1* vart erstatta av *Mal 2 Prosjektstyringsplan og kvalitetsplan, Planprosjekter*, maldato: mai 2013.

Det følger av hjelpeteksten i malens *Del 2 Prosjektstyringsplan, Kapittel 3 Prosjektets oppgaver og leveranse, Punkt 3.1 Leveranseplan* at punktet skal omfatte:

Her lages en oppstilling over hva prosjektet skal levere av tegninger og rapporter. Leveransen kan også knyttes til bestemte aktiviteter skal gjennomført, for eksempel TS-revisjon, ANSLAG, etc.

Dette viser at det er eit krav om at planlagde trafikkikkerhetsrevisjonar skal gå fram av prosjektstyringsplanen.

Kvalitetsplanen skal beskrive korleis kvalitetssikring skal foregå i prosjektet jf kapittel 3.4.3

Malens *Del 3 Kvalitetsplan, punkt 13 Kvalitetsstyring* gjev føringar for at det skal forklarast korleis styring av kvalitet er planlagt.

Både handboka og malen legg opp til at det skal utarbeidast kontrollplan. Det er avklart med Vegdirektoratet at kontrollplan ikkje har vore sett på som obligatorisk for planleggingsfasane. Omgrepet «kontrollplan» er heller ikkje nytta i det tilsvarande punktet i den reviderte versjonen av R760, eller i den tilhøyrande mal nr. 2.

Det står i kapittel 1.4.6 *Revisjoner, analyser og forbedringer* at det skal framgå av kvalitetsplanen kva revisjonar og analysar som skal gjennomførast:

[...] Det bør framgå av kvalitetsplanen hvilke revisjoner og analyser som skal gjennomføres. [...]

I kapittelet *Bruk av håndboken* står det at «Håndboken bruker verbene skal, bør og kan med betydning som vist i tabellen under: [...]. Det går fram av tabellen på side 7 at «bør» har betydningen «krav».

Dette viser at det er eit krav at planlagde trafikkikkerhetsrevisjonar skal framgå av kvalitetsplanen.

Vegsikkerhetsforskrifta har som formål å betre sikkerheita i veginfrastrukturen gjennom å «sette krav til sikkerhetsforvaltningen av vegnettet, herunder trafikkikkerhetsmessige konsekvensanalyser, trafikkikkerhetsrevisjoner, sikker-

¹⁰ I Noreg består TEN-T-vegnettet av E6, E16, E18, E39 og RV23, samt enkelte grensekryssingar i nord.

hetsrangering av vegnettet og sikkerhetsinspeksjoner.» Vegsikkerhetsforskrifta gjeld berre «vegprosjekt», som går inn under definisjonen i § 2, på TENT-T-vegnettet.¹⁰

Forskrifta § 4 set krav om at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar av alle vegprosjekt som er omfatta av forskrifta. Trafikksikkerheitsrevisjonane skal gjennomførast i tråd med vedtekne retningslinjer.

5.2 Innhenta data

Vegtilsynet fekk tilsendt dokumentasjon som viste styrande dokument for sju vegprosjekt. Sjå vedlegg 1.

Dokumentgjennomgangen viste at det var utarbeidd prosjektbestillingar for alle dei sju tilsendte vegprosjekta. Det er utarbeidd ein felles prosjektbestilling for dei to reguleringsplanane *E39 Kviltorp-Lergrovik* og *E39 Lergrovik-Årø*. Det er også utarbeidd ein felles prosjektbestilling for dei to reguleringsplanane *E136 Eik gartneri-Eiksvingen* og *E136 Øygardsbakken*.

Dokumentgjennomgang av prosjektbestillingane viste at det var sett opp bestilling av trafikksikkerheitsrevisjon for to av vegprosjekta.

Dokumentgjennomgangen viste at det var utarbeidd prosjektstyringsplanar og kvalitetsplanar i seks av dei sju tilsendte vegprosjekta. Det er utarbeidd ein felles prosjektstyringsplan og kvalitetsplan for dei to reguleringsplanane *E39 Kviltorp-Lergrovik* og *E39 Lergrovik-Årø*. Det er også utarbeidd ein felles prosjektstyringsplan og kvalitetsplan for dei to reguleringsplanane *E136 Eik gartneri-Eiksvingen* og *E136 Øygardsbakken*.

Dokumentgjennomgangen viste at det i leveranseplanen i prosjektstyringsplanen var planlagt trafikksikkerheitsrevisjon for seks av vegprosjekta, og at det i kapittelet om kvalitetsstyring i kvalitetsplanen var planlagt trafikksikkerheitsrevisjonar i to av vegprosjekta.

Dokumentgjennomgangen viste at det for vegprosjektet *E39 Kviltorp-Årø* er nytta Mal 2 for prosjektbestilling for små prosjekt, sjølv om dette prosjektet er estimert til å vere eit stort prosjekt. Prosjektleiari stadfesta at *E39 Kviltorp-Årø* er eit stort prosjekt.

Under intervju vart det sagt at prosjektleiari i planprosjektet mottok prosjektbestillinga, og med bakgrunn i denne utarbeidar prosjektstyringsplan og kvalitetsplan. I ulik grad vert også fagansvarlege nytta i dette arbeidet. Vidare vart det opplyst at dokumenta vert revidert ved vesentlege endringar.

I intervju vart det fortalt at leiinga sitt fokus på dei styrande dokumenta har

vorte større, og at prosjektleiarane vert målt på om dei utarbeider dokumenta.

Det vart sagt at prosjektbestillingane ofte er generelle og lite spesifikke for det prosjektet det gjeld. Dette gjer at arbeidet med å utarbeide prosjektstyringsplan og kvalitetsplan kan vere vanskelig. I tillegg vart det sagt at dokumentmalane for prosjektstyringsplan og kvalitetsplan var lite tilpassa ulik storleik på prosjekta, samt at malane ikkje var like godt eigna for planfasen som for til dømes utbyggingssfasen.

Det vart gjennomført intervju med prosjektleiarane for to av prosjekta som mangla eller hadde manglar ved styrande dokument. For det eine prosjektet vart det sagt at desse dokumenta ikkje var utarbeidd pga. tidspress. Den andre prosjektleiaren forklarte at det var utarbeidd utkast, men at dette ikkje var ferdigstilt.

5.3 Funn

Avvik 1.1

Statens vegvesen, Region midt har ikkje utarbeidd styrande dokument i samsvar med krav.

Tilsynskriterium

Handbok 151

3.4.1 Prosjektbestilling (PB)

[...] Prosjektbestillingen skal utarbeides i samsvar med gjeldende mal, og rammebetingelser for arbeidet, inklusive økonomi og tid, skal fastlegges.

3.4.2 Prosjektstyringsplan (PSP)

Prosjektleder skal utarbeide en prosjektstyringsplan i samsvar med gjeldende mal. [...]

3.4.3 Kvalitetsplan (KP)

Det skal utarbeides en kvalitetsplan for prosjektet i samsvar med gjeldende mal.

Mal 1 Prosjektbestilling (PB) Store prosjekter

Mal 5.1 Prosjektstyringsdokument for Planprosjekter

Del 2 Prosjektstyringsplan

Del 3 Kvalitetsplan

Bevis

Dokumentgjennomgangen viste at det ikkje var utarbeidd prosjektstyringsplan og kvalitetsplan i samsvar med mal i eitt av sju vegprosjekt.

Dokumentgjennomgangen viste at det for vegprosjektet *E39 Kviltorp-Årø* ikkje er nytta rett mal for prosjektbestilling. Prosjektet er estimert til å vere stort prosjekt, og det skulle difor vore nytta *Mal 1*.

Avvik 1.2

Det går ikkje fram av alle prosjektstyringsplanar og kvalitetsplanar at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar på vegprosjekt som er omfatta av vegsikkerheitsforskrifta.

Tilsynskriterium

Handbok 151

Kapittel 1.4.6 Revisjoner, analyser og forbedringer

Det bør fremgå av kvalitetsplanen hvilke revisjoner og analyser som skal gjennomføres. Disse bør inngå som en integrert del av plan- og byggeprosessen. Det anbefales at revisjoner og analyser gjøres tidlig i prosessene.

Kapittel 3.4.2 Prosjektstyringsplan (PSP)

Prosjektleder skal utarbeide en prosjektstyringsplan i samsvar med gjeldende mal.

Mal 5.1 Del 2 Prosjektstyringsplan

Kapittel 3 Prosjektets oppgaver og leveranse

Punkt 3.1 Leveranseplan

Her lages en oppstilling over hva prosjektet skal levere av tegninger og rapporter.

Mal 5.1 Del 3 Kvalitetsplan

Vegsikkerheitsforskrifta

§4 Trafikksikkerhetsrevisjoner av vegprosjekter

Regionvegkontoret skal sørge for at det gjennomføres trafikksikkerhetsrevisjoner i forbindelse med gjennomføring av alle vegprosjekter. [...]

Bevis

Dokumentgjennomgangen viste at fem vegprosjekt er omfatta av vegsikkerheitsforskrifta sitt krav om trafikksikkerheitsrevisjon.

Det går ikkje fram i ein av fem prosjektstyringsplanar for desse vegprosjekta at det skal gjerast trafikksikkerheitsrevisjon. (Sjå tabell under pkt. 6.2)

Det går ikkje fram i fire av fem kvalitetsplanar for desse vegprosjekta at det skal gjerast trafikksikkerheitsrevisjon. (Sjå tabell under pkt. 6.2)

5.4 Vurdering

Tilsynet har vist at dei styrande dokumenta i stor grad vert utarbeidd. Sjølv om dokumenta er utarbeidd, går det ikkje alltid fram av kvalitetsplanen kva revisjonar og analyser som skal gjennomførast.

Vegtilsynet vurderer på denne bakgrunn at Statens vegvesen, Region midt ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar kvalitet i reguleringsplanfasen. Konsekvensen kan vere at trafikksikkerheitsrevisjonar ikkje vert gjennomført, og at reguleringsplanar vert vedtatt med avvik frå krav i normalar.

6. Problemstilling 2: I kva grad vert det gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar for å sikre kvalitet i planforslag?

Under denne problemstillinga har Vegtilsynet undersøkt om Statens vegvesen, Region midt har nytta trafikksikkerheitsrevisjon for å unngå avvik i planforslaget. Det er undersøkt om det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i samsvar med det som er beskrive i styrande dokument, og om det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar på dei vegprosjekta som har krav om dette i høve til vegsikkerheitsforskrifta. Under intervju har Vegtilsynet undersøkt årsaken til at det eventuelt ikkje er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar.

6.1 Tilsynskriterium

Vegsikkerheitsforskrifta § 4 set krav om at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar av alle vegprosjekter som er omfatta av forskrifta.

Dei tilhøyrande retningslinjene¹¹ beskriv meir detaljert når eit vegprosjekt skal reviderast og viser til fire ulike fasar der det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar. Det første revisjonstrinnet er på reguleringsplannivå.

Region midt har eit regionalt krav om at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon på minst eitt plannivå; kommunedelplan, reguleringsplan eller byggeplan. Dei styrande dokumenta (prosjektbestilling, prosjektstyringsplan og kvalitetsplan) vil gje uttrykk for om det i det enkelte prosjektet er krav om gjennomføring av ein trafikksikkerheitsrevisjon i samsvar med *Håndbok V720 Trafikksikkerheitsrevisjoner og -inspeksjoner*.

Krav om at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar vil altså gå fram av vegsikkerheitsforskrifta § 4 og av prosjektbestillinga, prosjektstyringsplanen og kvalitetsplanen for det enkelte vegprosjekt.

¹¹ *Retningslinjer gitt i henhold til forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerheitsforskriften), fastsatt ved kgl.res. Av 28.10.2011 med hjemmel i veglov 21. juni 1963 nr. 23 § 62 og §§ 13 og 16, jf. EØS-avtalens vedlegg XIII r. 17 i (direktiv 2008/96/EF)*

6.2 Innhenta data

Vegtilsynet fekk tilsendt revisjonsrapportar frå fem trafikksikkerheitsrevisjonar. Sjå vedlegg 1.

Dokumentgjennomgangen av dei mottatte revisjonsrapportane viste at den eine trafikksikkerheitsrevisjonen ikkje var gjennomført i reguleringsplanfasen, då han var gjennomført etter at reguleringsplanen var vedtatt.

Dokumentgjennomgang av prosjektbestillingane viste at det var sett opp bestilling av trafikksikkerheitsrevisjon for to av sju vegprosjekt. Det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på eitt av desse vegprosjekta.

For dei fem vegprosjekta som er omfatta av krava i vegsikkerheitsforskrifta, var det ikkje sett opp bestilling av trafikksikkerheitsrevisjon i nokon av prosjektbestillingane.

Vidare viste dokumentgjennomgangen at trafikksikkerheitsrevisjon var sett opp i leveranseplanen i prosjektstyringsplanen for seks av sju vegprosjekt. Det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på tre av desse vegprosjekta, der det for prosjektet *E39 Kviltorp-Årø* er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på begge reguleringsplanane.

For vegprosjekta som er omfatta av krava i vegsikkerheitsforskrifta, var det sett opp trafikksikkerheitsrevisjon i leveranseplanen i prosjektstyringsplanen for fire av dei fem vegprosjekta. Det manglar trafikksikkerheitsrevisjon på to av desse.

Dokumentgjennomgangen av kvalitetsplanane viste at trafikksikkerheitsrevisjon var sett opp i kapittelet om kvalitetsstyring i to av sju vegprosjekt. Det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på begge desse vegprosjekta.

For vegprosjekta som er omfatta av krava i vegsikkerheitsforskrifta, var det sett opp trafikksikkerheitsrevisjon i kvalitetsplanen for eitt av dei fem vegprosjekta. Det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på dette prosjektet.

Under intervju forklarte prosjektleiarane at dei oppfattar at det er eit krav om å gjennomføre trafikksikkerheitsrevisjonar på alle vegprosjekt i planfasen, uavhengig av om dei er omfatta av vegsikkerheitsforskrifta eller ikkje. Det vart vidare sagt at årsaken til at det likevel ikkje var gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i alle prosjekt skuldast tidspress, manglande ressursar og at trafikksikkerheit var ivaretatt på annan måte.

Det vart gjennomført intervju med eitt av prosjekta som ikkje hadde gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon. Det går fram av leveranseplanen i prosjektstyringsplanen for dette prosjektet, at det skulle gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon. Prosjektleiaren for dette prosjektet uttalte at fagansvarleg for trafikksikkerheit hadde vore involvert undervegs i prosjektet, og at det blei

vurdert som eit for lite prosjekt til at det var behov for å gjennomføre ein eigen trafikk sikkerheitsrevisjon.

Resultat av dokumentgjennomgangen:

Vegprosjekt	E14 Forra bru	E39 GSV-bru Bårdshaug og E39 Gjølnekrysset	E39 Plasseringslomme og flytting av busslomme v/lande i Ørskog kommun	E39 Kviltorp-Årø	E39 Kviltorp-Årø	E136 Tresfjorden	E6 Trones-Litjåsen, reguleringsplan for gang-/sykkelveg	E6 Vindalsliene-Korporals bru	
Reguleringsplan	E14 bru over Forra	E39 Bårdshaug-brua	E39 Lande, plasseringslomme og busslomme	E39 Kviltorp-Lørgrovik	E39 Lørgrovik-Årø	E136 Øygardsbakken	E136 Eik gartneri og Eik-svingen	E6 Trones-Litjåsen Korporals bru	
Omfatta av krav i vegsikkerhetsforskrifta?	ja	ja	ja	ja	ja	nei	nei	ja	
Bestilt TS-revisjon i prosjektbestilling	nei	nei	nei	nei	nei	ja	ja	nei	
Planlagt TS-revisjon i prosjektstyringsplan	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	nei	
Planlagt TS-revisjon i kvalitetsplan	ja	nei	nei	nei	nei	nei	ja	nei	
Gjennomført TS-revisjon i reguleringsplanfasen	ja*	nei	nei	ja	ja	nei	nei	ja	nei**

* Det er gjennomført trafikk sikkerheitsrevisjon i prosjektet, men denne er gjennomført etter at planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn. Anbefalingar/merknader vart teke med i revisjon etter høyring.

** Trafikk sikkerheitsrevisjonen er gjennomført etter at reguleringsplanen vart vedtatt.

6.3 Funn

Avvik 2.1

Statens vegvesen, Region midt har ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i alle vegprosjekta i samsvar med krav i vegsikkerheitsforskrifta.

Tilsynskriterium

Vegsikkerheitsforskrifta

§4 Trafikksikkerhetsrevisjoner av vegprosjekter

Regionvegkontoret skal sørge for at det gjennomføres trafikksikkerhetsrevisjoner i forbindelse med gjennomføring av alle vegprosjekter. [...]

Trafikksikkerhetsrevisjoner skal utgjøre en integrert del av utformingen av vegprosjektet under prosjekteringen, i fasen umiddelbart før vegen tas i bruk, samt i den innledende bruksfasen.

Retningslinjene til vegsikkerheitsforskrifta

Retningslinjer for trafikksikkerhetsmessige trafikksikkerhetsrevisjoner i forbindelse med vegprosjekter, kfr: vegsikkerhetsforskriften § 4.

Trinn 1 Reguleringsplan

Revisjonen på trinn 1 gjennomføres før planforslaget legges ut til offentlig ettersyn, og skal senest foreligge før politisk behandling av reguleringsplanen. [...]

Bevis

Dokumentgjennomgangen viste at det ikkje var gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på prosjektet *E39 Bårdshaugbrua og på E39 Lande, plasseringslomme og busslomme*.

Dokumentgjennomgangen viste at den gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonen på prosjektet *E6 Vindalsliene-Korporals bru* var gjennomført etter at reguleringsplanen vart vedtatt. Reguleringsplanen vart vedtatt 17.12.2012. Trafikksikkerheitsrevisjon var gjennomført 19.08.2013.

Avvik 2.2

Statens vegvesen, Region midt har ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i alle vegprosjekta i samsvar med det som er sett opp i dei styrande dokumenta.

Tilsynskriterium

*Prosjektbestilling*¹²

*Prosjektstyringsplan*¹³

*Kvalitetsplan*¹⁴

Bevis

Prosjektet som omfattar reguleringsplanane E136 Eik gartneri og Eiksvingen / E136 Øygardsbakken har bestilt trafikksikkerheitsrevisjon i prosjektbestillinga. Det er ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på dette prosjektet. (Sjå tabell under pkt. 6.2)

Dei tre prosjekta E39 Bårdshaugbrua, E39 Landeplasseringslomme og busslomme og prosjektet som omfattar reguleringsplanane E136 Eik gartneri og Eiksvingen / E136 Øygardsbakken har planlagt trafikksikkerheitsrevisjon i prosjektstyringsplanen. Det er ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på desse prosjekta. (Sjå tabell under pkt. 6.2)

6.4 Vurdering

Tilsynet har vist at det i liten grad vert gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar for å dokumentere og sikre kvalitet i planforslag. Dette gjeld òg på prosjekt som er omfatta av vegsikkerheitsforskrifta. Alle prosjektleiarane som vart intervjuva uttalte at det var krav om at det skulle gjennomførast på alle reguleringsplanar uavhengig om det var omfatta av vegsikkerheitsforskrifta eller ikkje.

Avdekka årsaker til at dette ikkje var gjort var tidspress, manglande ressursar og at trafikksikkerheit var ivaretatt på annan måte i reguleringsplanfasen gjen-

¹² Sjå tabell under pkt. 6.2 for oversikt over bestilt trafikksikkerheitsrevisjon i prosjektbestilling

¹³ Sjå tabell under pkt. 6.2 for oversikt over planlagt trafikksikkerheitsrevisjon i prosjektstyringsplan

¹⁴ Sjå tabell under pkt. 6.2 for oversikt over planlagt trafikksikkerheitsrevisjon i kvalitetsplan

nom at til dømes fagansvarleg for trafikksikkerheit hadde vore involvert undervegs i prosjektet.

Vegtilsynet vurderer at Statens vegvesen, Region midt ikkje i tilstrekkeleg grad har følgd krava som gjeld gjennomføring av trafikksikkerheitsrevisjonar. Konsekvensen av dette kan vere at avvik frå krav i normalar vert regulert inn i planar.

7. Problemstilling 3: I kva grad vert eventuelle avvik frå krav i normalar behandla?

Under denne problemstillinga har Vegtilsynet undersøkt om Statens vegvesen, Region midt har avdekkja avvik i trafikksikkerheitsrevisjonar og om desse er behandla. Vegtilsynet har også undersøkt om dei vedtekne reguleringsplanane inneheld avvik som ikkje er behandla.

Under intervju har Vegtilsynet undersøkt årsaken til at det ligg ubehandla avvik i vedtekne reguleringsplanar.

7.1 Tilsynskriterium

Krav til avviksbehandling går fram av handbok 151 kapittel 1.4.6 *Revisjoner, analyser og forbedringer*, der det i første avsnitt står at

Dersom det under arbeidet blir oppdaget avvik i forhold til forutsetningene/spesifikasjonene, skal de registreres og behandles. [...]

Forskrift om anlegg av offentleg veg gjeld «utforming og standard ved planlegging og bygging av offentlige veger og gater». Forskrifta set dei generelle rammene for utforming og standard, og gjev Vegdirektoratet heimel til å fastsette «utfyllende bestemmelser – vegnormalane». Det fylgjer av § 3 punkt 4 at

Myndighet til å fravike vegnormalene innenfor forskriftenes rammer, legges til Statens vegvesen ved Vegdirektoratet for riksveg, fylkeskommunen for fylkesveg og kommunen for kommunal veg dersom ikke annet følger av annen forskrift etter vegloven.

Dersom det er nødvendig å søke om fråvik frå krava i vegnormalane skal prosessen *Søke og behandle fråvik fra normal* følgast. Prosessen var utvikla i 2014, og for prosjekta i denne saka er det *Instruks – handsaming av fråvik i regionane*, som har vore gjeldande. Vegtilsynet har fått opplyst at instruksen ikkje hadde formell status som kravdokument, men at det i normalane (kravdokument) vart vist til nettsida der ein kunne finne instruksen. Instruksen er no implementert i prosessen.

Det går fram av den då gjeldande instruksen at søknader om fråvik skal sendast Vegdirektoratet/regionen. Ein søknad om fråvik skal vera ferdigbehandla før forslag til reguleringsplan blir lagt ut til offentlig ettersyn, og at dette er seinaste tidspunkt i planprosessen for å søke om fråvik frå krav. Frå 2012 vert det opna for at det kan søkast om fråvik på eit seinare tidspunkt i planprosessen, men då må fråvikssøknaden vera ferdigbehandla før utsending av konkurransegrunnlag. I tillegg er det krav om at fråvik frå normalkrav ikkje skal ha vesentleg betydning for økonomi mm.

I følgje instruksen skal det nyttast eige søknadsskjema. Skjemaet består av to deler, *Del 1 – søknadsdel* og *Del 2 – behandlingdel*. Del 1 skal fyllast ut av *fråvikssøkar* og godkjennast av prosjekteigar. Vegtilsynet har fått opplyst at fråvikssøkar som regel er planlegger i prosjektet, og at prosjektleiar vil være involvert i vurdering om behov for å søke fråvik.

Del 2 skal visa Regionvegkontoret sitt vedtak eller anbefaling i saka, og dersom fråvikssøknaden er behandla av Vegdirektoratet skal deira grunngjeving framgå av denne delen.

Region midt har utarbeida eit notat om *Fraviksbehandling for vegutforming i Region midt*. Notatet er godkjent på stabsmøtet 14.02.2006. Notatet tar for seg «hvordan bevisst fravik fra utforming og standard som beskrives i håndbøkene 017 (Veg- og gateutforming) og 235 (Stamvegutforming) anbefales behandlet i Region midt.» Vedlagt notatet har region midt sendt inn *Utdrag frå møtereferat – RLM*, datert 28.11.2007, og *Instruks – fraviksbehandling i Vegdirektoratet og Instruks – fraviksbehandling i regionene*, datert 01.03.2011.

7.2 Innhenta data

Vegtilsynet fekk tilsendt vedtekne reguleringsplanar med planbeskrivelse og planteikningar, og i tillegg fekk Vegtilsynet tilsendt tre fråvikssøknader. Den eine fråvikssøknaden omhandla ein tidlegare reguleringsplan, og er difor ikkje teke omsyn til i denne saka. For oversikt over tilsendt dokumentasjon sjå vedlegg 1.

Dokumentgjennomgangen av tilsendt dokumentasjon viste at to avvik ikkje var behandla før reguleringsplanen vart vedteke.

Under intervju vart det opplyst om ulike årsaker til at avvika ikkje var behandla. I det eine prosjektet opplyste prosjektleiar at avviket var avdekket, men

at det ikkje var behandla likevel. For eit anna prosjekt vart det opplyst at avviket ikkje var oppdaga, men at den manglande trafikksikkerheitsrevisjonen mogleg kunne ha avdekka avviket.

Dokumentgjennomgang av dei tilsendte fråvikssøknadane viste at desse var i samsvar med mal, men at det for ein av dei mangla *Del 2 – behandlingsdel*. Under intervju vart det opplyst at del 2 ikkje vart fylt ut då saka vart avslutta gjennom at fråviksgruppa foreslo ei ny løysing som var i samsvar med krav. Det var dermed ikkje behov for å søke fråvik.

Under intervju opplyste prosjektleiarane at utover trafikksikkerheitsrevisjonar er interne planmøter, der ulike faggrupper går gjennom planforslaget, eventuelt planmøter der konsulent er tilstades, gode arbeidsmåtar for å avdekke feil og behandle desse. Det vart opplyst at møta i varierende grad er dokumentert. Prosjektleiarane forklarte òg at bruk av sjekklister varierer frå prosjekt til prosjekt.

Prosjektleiarane opplyste at dei har tiltru til at fagansvarlege i prosjektet planlegg i tråd med normalar og retningslinjer. Det vart i tillegg uttalt at alle planar skal godkjennast internt før dei vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det vert nytta ein mal som alle fagansvarlege signerer på.

Under intervju med leiar av fråviksgruppa vart det sagt at fråviksgruppa si rolle er slik som beskrive i noverande prosess i kvalitetssystemet. Denne prosessen var ikkje utarbeidd då dei tilsendte reguleringsplanane vart utarbeidd. Fråviksgruppa deltek ikkje i arbeidet med å utarbeide planforslag, men kjem inn når det er aktuelt å søke om fråvik.

7.3 Funn

Avvik 3.1

Statens vegvesen, Region midt har ikkje behandla alle avvik frå krav i normalar.

Tilsynskriterium

Handbok 151

1.4.6 Revisjoner, analyser og forbedringer

Dersom det under arbeidet blir oppdaget avvik i forhold til forutsetningene/spesifikasjonene, skal de registreres og behandles.

Bevis

Dokumentgjennomgangen viste at det i vegprosjektet *E6 Trones-Litjåsen* var eitt avvik som ikkje var behandla før reguleringsplanen vart vedtatt. I planbeskrivelsen for dette vegprosjektet vart avviket påpeika gjennom at det vart opplyst om eit avvik frå stigningskrav i *Håndbok 017 Veg- og gateutforming*.¹⁵ Stigningskravet gjaldt gang- og sykkelveg. Det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i prosjektet som ikkje avdekka dette avviket.

Dokumentgjennomgangen viste at det i vegprosjektet *E39 Bårdshaugbrua* var eitt avvik som ikkje var behandla før reguleringsplanen vart vedtatt. I reguleringsplanen er eitt avvik frå krav om rekkverk i *Håndbok N101 Rekkverk og vegens sideområder*. Kravet gjeld behov for rekkverk for gåande og syklende. Det er ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i dette prosjektet.

¹⁵ Håndbok 017 vart revidert i 2013. Handboka heiter no *Håndbok N100 Veg- og gateutforming*.

7.4 Vurdering

Tilsynet har vist at ikkje alle avvik frå krav i normalar vert behandla. Dette gjeld to avvik fordelt på to ulike prosjekt.

Avdekka årsaker til at desse avvika ikkje var behandla var blant anna manglande oppfølging av kjende avvik og manglande kjennskap til eit avvik som låg i plangrunnlaget. Det var ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i sistnemnde prosjekt, sjølv om dette var planlagt gjennom dei styrande dokumenta.

Vegtilsynet vurderer at Statens vegvesen, Region midt ikkje i tilstrekkeleg grad har behandla avvik i reguleringsplanfasen. Konsekvensen av dette er at to reguleringsplanar er vedtatt med avvik som kan påverke trafikksikkerheita.

8. Tiltrådingar

Det vert vist til funn under kapittel 5, 6 og 7. Vegtilsynet konkluderer med at Region midt ikkje sikrar at alle avvik vert avdekka, men at prosessen for fråviksøknad vert følgd.

Det er i sak 2013-03 *Ivaretaking av mjuke trafikantar i reguleringsplanfasen* gjeve ei tilråding til Statens vegvesen, Region midt, som omhandlar styrande dokument (Tiltråding 2013-03 nr. 1) Vegtilsynet vurderer at denne tilrådinga kan handtere avvik 1.1.

Det er i sak 2013-03 *Ivaretaking av mjuke trafikantar i reguleringsplanfasen* gjeve ei tilråding til Statens vegvesen, Region midt, som omhandlar implementering av vegsikkerheitsforskrifta (Tiltråding 2013-03 nr. 3). Vegtilsynet vurderer at denne tilrådinga kan handtere avvik 1.2 og avvik 2.1.

Vegtilsynet kjem med følgjande tilråding:

Tiltråding 2014-04 nr. 1

Tilsynet har vist at det ikkje er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon på alle prosjekt som har krav om dette i høve til vegsikkerheitsforskrifta, eller der dette er sett opp i styrande dokument. Konsekvensen av dette kan vere at avvik frå krav i normalar er regulert inn i planar, og at prosjekta kan innehalde trafikkfarlege forhold. Sjå avvik under punkt 6.3.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region midt gjennomfører tiltak for å sikre riktig kvalitet i dei prosjekta som ikkje har trafikksikkerheitsrevisjon i reguleringsplanfasen.

Vedlegg 1: oversikt over mottatte dokument

Vegprosjekt	Reguleringsplanar	Prosjekt- bestilling	Prosjekt- styrings- plan	Kvalitets- plan	Rapport frå trafikkikker- heitsrevisjon	Fråvikssøknad	Vedtatt regule- ringsplan med planbeskriving	Planteikningar for reguleringsplanen
E14 bru over Forra	E14 bru over Forra	X	X	X	X	mottatt del 1 og del 2	X	X
E39 GSV – bru Bårdshaug og E39 Gjølme-krysset	E39 Bårdshaugbrua	X	X	X	0	ikkje aktuelt	X	X
E39 Lande, plasserings- og busslomme	E39 Lande, plasserings- og busslomme	X	X	X	X	ikkje aktuelt	X	X
E39 Kviltorp-Årø	E39 Kviltorp-Lergrovik	X	X	X	X	mottatt del 1	X	X
	E39 Lergrovik-Årø	X	X	X	X	ikkje aktuelt	X	X
E136 Tresfjorden	E136 Eik gartneri og Eikssvingen	X	X	X	0	ikkje aktuelt	X	X
	E136 Øygaardsbakken (Syltebakken-Eidshammer)	X	X	X	0	ikkje aktuelt	X	X
E6 Trones-Litjåsen	E6 Trones-Litjåsen	X	X	X	X	ikkje aktuelt	X	X
E6 Vindalsliene-Korporals bru	E6 Vindalsliene-Korporals bru	X	0	0	X	ikkje aktuelt	X	0

X = motatt dokumentasjon

0 = ikkje mottatt dokumentasjon